

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 52/2013**

2013/EØS/61/02

av 3. mai 2013

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "EØS-avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonen gjennomføringsavgjerd 2012/449/EU av 27. juli 2012 om endring av vedtak 2003/467/EF med omsyn til fråsegna om at Latvia er offisielt fri for enzootisk bovin leukose<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om andre levande dyr enn fisk og akvakulturdyr samt animalske produkt som egg, embryo og sæd. Føresegner om desse tilhøva skal ikkje gjelde for Island, som nemnd i nr. 2 i den innleiande delen til kapittel I i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Island.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 4) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg I til EØS-avtala kapittel I del 4.2 nr. 70 (kommisjonsvedtak 2003/467/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32012 D 0449**: Kommisjonen gjennomføringsavgjerd 2012/449/EU av 27. juli 2012 (EUT L 203 av 31.7.2012, s. 66).”

*Artikkel 2*

Teksta til avgjerd 2012/449/EU på norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 4. mai 2013, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala<sup>(\*)</sup>.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel, 3. mai 2013.

For EØS-komiteen

**Gianluca Grippa**

Formann

<sup>(1)</sup> TEU L 203 av 31.7.2012, s. 66.

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.